

---

**Fra:** Frode Haukås <frodeha@equinor.com>  
**Sendt:** mandag 21. januar 2019 23:03  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Eidsnes (eidsnes@online.no); Helga Bjørge Kvammen  
**Emne:** Brøyting/salting Eikanger skule

Til Veg avdeling, skuleavdeling og kopi til Eikanger skule

Manglende brøyting ved Eikanger skule no att

Det har no vore fleire dagar med våt snø og ingen brøyting av skuleplassen på Eikanger. Er det noko god forklaring på dette når ein ser at det er brøyta elles i kommunen (Nordhordlandshallen sin parkeringsplass til dømes). Dei tilsette ved skulen må purre på for å få brøyting, og det kjem nokon og brøyter ein runde og strør litt sand. Når dette er gjort er det for seint, snøen er frosen og omgjort til is. På Eikanger skule er det veldig undersolt og kaldt, så det blir liggjande is lenge pga dette. Vi i FAU på Eikanger meiner at kommunen må få inn brøyting og salting på same måte som kommunevegane blir brøyta, samt sentrale parkeringsplasser. Det er borna våre som ferdast på dette underlaget og etstatningskravet mot kommunen er det minst alvorlege opp i dette.

Skarpt brev, men viktig sak. I andre bedrifter her i området er ikkje dette akseptabelt.

Vi venter eit svar fort, vi har tatt dette opp før også.

Mvh  
Frode Haukås  
Leiar FAU ved Eikanger skule

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.  
Thank you